



## Årsmelding 2024

### Styrets samansetning

**Styreleiar:** Joachim Bjørge

**Styremedlemmer:** Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen Frich, Ingrid Innerdal og Joachim Bjørge.

**Dagleg leiar:** Hølje Haugsjå (møter fast i styret)

### Styremøte

Det er avhalde 3 styremøte i 2024, alle som videomøte.

### Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profitt og uavhengig organisasjon som er registrert i Noreg og Mali.

Organisasjonen har si operative verksemd i Mali og har, i tillegg til samarbeidspartnarar, eit kontor med ein stadleg representant i landet.

### Organisasjonens føremål

NorSahel arbeider for å betre levekåra til menneske i Mali, særleg i rurale område, med hovudvekt på born og kvinner. Alle aktivitetar skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

### Samarbeidspartnarar og prosjektstøtte

NorSahel held fram samarbeidet med AMAPED – den maliske barnelegeforeininga – og med vår maliske kontaktlege Aliou Bagayoko.

Etter bortgangen til vår kjære Olav M. Eielsen i byrjinga av 2025, ynskjer NorSahel allikevel å vidareføre referansegruppa for nyfødthelse, med Ola Didrik Saugstad og Mari Innerdal som viktige støttespelarar.

### Aktivitetar og innsamling

#### Innsamlingar i 2024:

- Dagsverk ved Nissedal Ungdomsskule: 17 000 kr
- Nissedal kyrkje: over 50 000 kr
- Julebasar 14. desember: ca. 27 000 kr
- Totalt samla inn gjennom juleinnsamlinga: nær 100 000 kr

#### Juleinnsamlinga har blitt sjølv hjartet i NorSahel.

NorSahel vil særleg løfte fram den frivillige innsatsen til **Joachim Bjørge** og komiteen for

juleinnsamlinga, som år etter år legg ned ein imponerande innsats. I tillegg utgjer dei faste givarane ein stabil og livsviktig stamme av støttespelarar for arbeidet vårt.

## **Informasjonsarbeid**

Styremedlem Tahani Siddik Berge er informasjonsansvarleg. Joachim Bjørge og Hølje Haugsjå har òg bidrege til informasjonsarbeidet.

## **Prosjekt i Mali**

### **Sykkelprosjektet for jenter på ungdomsskular**

Sykkelprosjektet held fram med å vekse. I 2024 vart det kjøpt inn nærmare 80 skulesyklar, og ein ny ungdomsskule vart inkludert i prosjektet.

Målet er å hjelpe fleire jenter med å starte og fullføre ungdomsskulen. Tala frå Tambaga kommune – der tre ungdomsskular er med i prosjektet – viser ei positiv utvikling:

- 2014: 10 % av dei uteksaminerte var jenter
- 2022: 24 %
- 2024: 36 %

Evalueringar viser at syklane fungerer etter intensjonen. I tillegg til Tambaga kommune, er prosjektet no aktivt ved fem andre ungdomsskular i to kommunar – Kokofata og Bougaribaya. Også her viser både evalueringar og offisiell skulestatistikk ein svært positiv trend i talet på jenter som fullfører ungdomsskulen.

Eit døme er Bougaribaya, der vi starta i 2021. Her viser tala at heile 41 % av elevane som gjekk ut av ungdomsskulen i 2024 var jenter – eit imponerande resultat!

Totalt sett viser statistikken at andelen jenter som fullfører ungdomsskulen har auka kraftig dei siste åra. Dette har gitt mange jenter moglegheita til å forme eiga framtid, og har samstundes vore med på å hindre mange barneekteskap. For berre ti år sidan var andelen jenter som fullførte ungdomsskulen rundt 10 %. Trass i nedgangen under koronapandemien, er vi no tilbake på eit nivå som overstig situasjonen før pandemien.

Resultata er rett og slett så gode at vi må klype oss i armen. Det er ekstra imponerande når ein tek omsyn til den urolege situasjonen i landet, med pandemi, politisk kaos, væpna konflikt og aukande truslar frå ekstremistiske grupper som ønskjer å stanse jenters skulegang – liknande det vi ser frå Taliban i Afghanistan.

Vi står saman med jentene – og vi held fram arbeidet!

## **Nyfødd-arbeidet**

NorSahel held fram kontakten med legar i Mali og samarbeider tett med vår kontaktperson for nyfødde helse, Aliou Bagayoko. Målet framover er å vidareutvikle arbeidet og leggje grunnlaget for forskning og fagleg samarbeid mellom maliske og norske legar – bygd på fleire års erfaring og samarbeid.

## **Stadleg representasjon**

NorSahel har framleis kontor i Bamako og ein stadleg representant, som er sentral for transport og koordinering. NorSahel har òg eit stort nettverk av fagpersonar i Mali.

## **Utfordringar i Mali**

Den politiske og sikkerheitsmessige situasjonen i Mali har forverra seg.

Heile landet, inkludert Bamako, er no raudt område for reiser. Visum og pengeoverføringer har vorte vanskelegare.

NorSahel vil difor halde fram med å bruke **Dakar, Senegal** som samlingspunkt for seminar og prosjektmøte.

## **Økonomisk oppsummering og vidare drift**

NorSahel hadde god økonomisk drift i 2024, med stabil inntekt frå faste givarar og vellukka innsamlingsaksjonar.

- **Inntekter:** 273 541 kr, av disse blir 72 897 overført til neste år med interne restriksjonar for bruk i sykkelprosjektet i 2025.
- **Utgifter:** 196 679 kr
- **Overskot:** 3 965 kr
- **Eigenkapital ved utgangen av året: 420 000 kr**

Eigenkapitalen er sterk, og det er ein bevisst strategi frå styret å halde ein eigenkapital på over 400 000 kr.

Dette for å sikre stabilitet og moglegheit for å engasjere seg raskt og kraftfullt i prosjekt i Mali, også i krevjande tider.

**Innsamlingsprosenten** var på 83 %, noko som viser effektiv drift med høg grad av frivillig innsats.

## **Likestilling**

5 av 7 styremedlemmer er kvinner. NorSahel prioriterer kvinneretta arbeid i Mali, både innan utdanning og helse.

## **Resultatdisponering**

Overskotet frå 2024 vil gå til vidare arbeid med skulesyklar og styrking av nyfødte-helsearbeidet i Mali.

Treungen/Oslo/Skien/Trondheim/Molde/Kristiansand  
15.04.2025

Joachim Bjørge, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Tahani Siddik Berge

Ingrid Innerdal

Hølje Haugsjå, dagleg leiar